



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

ark 30

Kultur- og kirkedep.	
Saksnr. 200800086	Dato 27.3.09
Kode Ki-212	Beh.

Ref. 2008/00086

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep

Vår ref. 06/6880-7
C00 /NORG

0030 OSLO

Dato 26.03.2009

SVAR - HØRING - PILEGRIMSMOTIVET SOM NASJONAL SATSING

Det vises til ekspedisjon av 12.02.09 med høringsfrist 15.04.09 for utredningen "På livets vei. Pilgrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt".

Telemark fylkeskommune er formell høringsinstans. Det er ikke styret for "Pilgrimsvegen til Røldal", selv om dette nettverket har levert viktige bidrag til innholdet i utredningen. Telemark fylkeskommune har derfor bedt styret om kommentarer til rapporten.

I svarmail av 26.03.09 har styret i "Pilgrimsvegen til Røldal" ved leder Ragnvald Christenson og prosjektleder/sekretær Una Høydal følgende kommentar til rapporten:

Vi ser rapporten som eit positivt tiltak som kan vere viktig for det framtidige pilegrimsarbeidet i Noreg. Vi støttar fullt ut credoet som femner om det vi meiner er det viktigaste fundamentet for pilegrimsarbeidet, nemleg det lokale engasjementet.

Vi er positive til eit nært samarbeid med det nasjonale pilegrimssenteret i Nidaros og til olavsarven som eit grunnlag. Vi ser det som viktig at ein er klar over at ei sterk overstyring vil svekke nettopp det lokale engasjementet og med det drifta og vedlikehaldet av vegane. For oss er det viktig at dei lokale pilegrimsleiene skal behalde sine særpreg. Dei er alt etablerte med sine eigne velfungerande styre, logoar og arrangement. Denne kontinuiteten er det viktig å halde fast ved.

Vegmerkinga skal med andre ord ikkje bare peike mot Nidaros. Vi må utvikle og halde ved like også lokale og regionale vegnett tufta på historisk tradisjon. For vårt vedkomande vil vi arbeide for å forlengje den eksisterande vegen austover mot Gran og dermed Nidarosvegen, sørover mot Gimøy kloster og vidare mot kystleia. Vårt endepunkt, Røldal, vil vere koplingspunktet mellom vår veg og ein framtidig veg frå Stavanger mot Valdres og Nidaros langs Bispvegen og slepene på Hardangervidda.


Rapporten viser ein tendens i høve til at Nidaros skal vere det eine store pilegrimsmålet. Korleis dei lokale vegane og sentra passar inn, kjem ikkje like tydeleg fram. Røldal som pilegrimsmål har eksistert 300 år lengre enn Nidaros. For oss er det naturleg at Røldal framleis skal vere eit sjølvstendig pilegrimsmål, ikkje berre ein stoppestad på vegen til Trondheim.

Vi meiner og det er viktig å understreke at kompetansen i prosjektet må femne vidare enn til ei einseitig satsing på pilegrimsprestar. Vi treng mange slags fagkompetanse, - diakoni, historie, religionshistorie, arkeologi. Det er viktig å vere klar over at det ikkje bare er kyrkjelege tradisjonar vi fører vidare, men og historiske. Ein brei samansett kompetanse vil styrke det totale konseptet.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	E-post	Internett
Fylkeshuset 3706 SKIEN	Fylkesbakken 8-10 3715 SKIEN	35 58 42 00 35 58 42 73 (dir.)	35 52 99 55	post@t-fk.no	www.telemark.no

Telemark fylkeskommune slutter seg til de kommentarene som styret for "Pilgrimsvegen til Røldal" har.

Telemark fylkeskommune vil i sitt regionale utviklingsarbeid prioritere de tiltak som øker aktiviteten, attraktiviteten og kunnskapen om pilgrimsleden gjennom Telemark fram til Røldal.



Geir Berge Nordtveit
Fylkeskultursjef
geir.nordtveit@t-fk.no

Kopi: Hovedutval for kultur og identitet. Telemark fylkeskommune.

Styret for "Pilgrimsvegen til Røldal" v/ prosjektleder Una Høydal, Vest-Telemark museum.